

Kjære alle saman!

Tusen takk for invitasjonen til å halde stemnetalen her i dag.

- Eg er både stolt og glad for at eg fekk dette høve å kome hit.
- Hit til Vakre - Røneset - og den storslåtte Storfjorden - Dette eg lærte verte så glad i ung alder. For meg som er fødd og oppvaksen på Vestnes - ikkje det, det er no ei særst vakker bygd, så var denne storslåtte naturen noko eg ikkje hadde sett maken til.
- Og eg vart fort glad i Storfjorden. Og meir og meir glad i den vert eg dess eldre eg blir.
- Det å kunne starte i Noregs vakraste by med eigen båt, og tøffe innover fjorden, og berre nyte naturen, er noko eg aldri vert lei av. Og det har blitt nokre turar dei siste tolv åra.

- Eg er stadig like forundra over korleis folk har kara seg fast og livnært seg i dette ville landskapet med alle dei farane som bokstaveleg heng over ein.
- Det vi veit er at folket som busette seg på desse gardane kanskje hadde valet mellom å vere arbeidskraft for andre, satse på ein liten plass under ein større gard eller få noko for seg sjølv. Å vere sjølvstendig var nok viktig, men samstundes var folket på desse gardane avhengig av kvarandre. Samhald var viktig. Dugnad var eit kjent begrep. Ein var ikkje redd for å ta på seg hardt arbeid for å klare oppgåva. Dette var noko av grunnpilaren? Kjenner vi ikkje dette att? Er det ikkje dette som har prega heile Sunnmøre alltid? - berre tenk på korleis ein har bygd opp den marine-, maritime- og møbelnæringa her.
- Arbeidsmoralen stod høgt i kurs - hard fysisk arbeid var ei ære sak.

- Historia fortel oss om mange dyktige og kreative menneske som fann løysingar på det meste.
- Vi kan nok ikkje kopiere desse menneska, men vi kan ta lærdom ~~ta lærdom~~ og la dei vere rollemodellar for gode samfunnsborgarar med høg arbeidsmoral, livsmot, stor kreativitet, arbeidsglede, arbeidsstoltheit og positiv haldning til fellesskapet og samhandling.
- Politiske vedtak og festtalar er ikkje nok.
- Her må vi ha haldningar og engasjement hjå folk flest til det å ta vare på kulturarven vår.
- Framtida vert ikkje til med vedtak, men ved at ho vert skapt.
- Nokon må ta tak, og gå framføre~~x~~, og det har ein vitterleg gjort her i Storfjorden.

Verdsarven

- Det er viktig for oss menneske å sjå oss attende - stoppe opp og tenkje over kvar vi er på veg. Er det på tide å endre kurs - litt eller mykje? Eller kan og bør vi gjere ting litt annleis, eller er vi på rett veg? Tek vi utfordringane som stend framføre oss?
- Tek vi vare på kulturarven vår? Stoppar vi opp og tenkjer over kva arven betyr for oss? Kva det vil bety for våre etterkommarar at vi tek var på den?
- Eller er vi berre oppteken av fjernkontrollen og oss sjølve?
- Evnar vi å stoppe opp, ta den praten vi bør gjere?
- Evnar vi å vere med, kvar på vår plass og ta eit tak, slik at kulturarven ikkje forsvinn?
- Dette er viktig folkens.

- 2
- Går kulturarven tapt, vert vi eit fattigare folkeferd, ikkje berre her i nærområdet, men og nasjonalt og internasjonalt.
 - Det vi ser her i fjorden er norsk historie, som vi ikkje må skusle vekk.
 - Derfor er det så viktig ~~id~~et arbeidet som vert gjort på ^{gardane} ~~gradane~~ her i Storfjorden.
 - La oss hegne om arven, la oss alle på kvar vår måte ta del i dette arbeidet.
 - Storfjordens venner har sette ~~de~~ dette for lenge sidan, og dei har gjort noko med det, og dei held på enno, og kjenner eg dei rett, så har dei ikkje tenkt å gje seg.
 - Spørsmålet er om vi andre vil vere med, og eg vil oppforde alle til å vere med, og i den samanheng vil eg lese ein song eg lærte av mor og far då eg var ein liten gut, og som seier noko om å ikkje vente, den er skreve av ein danske, Mads Nielsen.

og oppmøtet her i da
eg er med
nå
for
drømmet



"Hver dag er en sjeldan g ve, en skinnende mulighet.

Hver dag er p  ny en n de som stiger fr  himlen ned.

Hver dag er igjen et ansvar, et stort og alvorlig krav.

Hver aften st r hvite stjerner og sp r deg om hva du gav.

Hver aften st r hvite stjerner i himmeriks fjerne by.

Hver morgen g r Gud og vekker din vilje til d d p  ny."

Han budde p  flatlandet og s g moglegheitene, og d  m  vi og
Som er vandt 19   gi i motstand
sj  dei.

- Det er s rs viktig at vi forvaltar verdiane b de dei  ndelege og dei materielle som vi har f tt i arv fr  dei som var her f r oss.-
- De i Storfjordens venner har og teke tak i dette. De har starta ein kamp for at komande generasjonar kan f  oppleve dette unike området for all framtid.

- 27
- De har lukkast gjennom ein imponerende innsats og med eit pågangsmot som mange misunner dokke. Det at deler av Storfjorden, deler av verkeområdet for Storfjordens vener har kome på verdsarvlista er imponerende.
 - Dette forpliktar oss alle. Dette er starten på ein lang prosess og det krev at vi er særst bevist på kva dette inneber. Og det krev oppfølging og hardt arbeid.
 - Men samstundes som dette er ei lokal oppgåve, så er det i aller høgste grad også ei regional og ikkje minst ei nasjonal oppgåve.
 - Dette vil krevje ressursar, og dei ressursane har Noreg. Og då er det spørsmål om politisk vilje. Og det vert nok kanskje den største utfordringa.

- Vi må ikkje stelle oss slik at etterkomarane våre vil klandre oss for at vi ikkje tok vare på kulturarven.
- For å seie det med Ivar Aasen:
- "Lat oss inkje Forfederne gløyma, under alt, som me venda og snu; for dei gav oss ein Arv til aa gjøyma, han er større, en mange vil tru."
- "Lat det merkast i meir en i Ordi, at me halda den Arven i Stand, at naar Federne sjaa att paa Jordi, dei kan kjenna sitt Folk og sitt Land."
- Det er viktig å stoppe opp og sjå seg over skuldra av og til. Kva har vi gjort med arven vår?
- Tek vi vare på det som forfedrane våre har slite for å bygge opp². Mange harde tak, mykje sveitte og mange tårar og, har prega dette arbeidet. Set vi pris på det og bygg vi dette vidare?

IX

- Det vil nok også krevje mykje av oss, ja både hardt arbeid, noko sveitte - kanskje nokre tårar og.
- Men eg er særst imponert over den innsatsen de i Storfjordens venner har lagt for dagen. Og den lovar godt for framtida.
- Vi andre har mykje å lære av dokke.
- ~~Lukke til vidare.~~
- Fylkesmannen vil og skal vere ein medspelar, samtalepartnar og pådrivar i dette viktige arbeidet.
- *Lukke til vidare.*
- Takk for oppmerksomheita.